



Hjelmås VVS AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1820 - 19/21994

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.07.2019

Førebels svar på søknad om utsleppsløyve - gbnr 181/1 og gbnr 181/11 Torsheim

Tiltak:

Byggestad: Gbnr: 181/1
Tiltakshavar: Olav Thorsheim
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad om utsleppsløyve og etablering av felles reinseanlegg for eigedomane gbnr 181/1 og 181/11 den 19.06.2019. Saka har gått saksnummer 19/1659.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i forureiningslova og plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskommunikasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Søknaden om utsleppsløyve er send på høyring i dag. Høyringsfristen er fire veker.

Tidsfrist for handsaming av utsleppssøknader går fram av forskrift om begrensing av forurensing § 12-5. På grunn av særlege forhold i saka knytt til nedslagsfeltet til drikkevasskjelde varslar kommunen utvida sakshandsamingstid, jf. § 12-5.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmås VVS AS
Olav Thorsheim

Torvhusmyrane 2 5913
Vassbygdvegen 5912
484

EIKANGERVÅG
SEIM

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS
Olav Thorsheim

Torvhusmyrane 2 5913
Vassbygdvegen 5912
484

EIKANGERVÅG
SEIM